

Hardanger sett frå Nederland

Nederland møter Hardanger på Hardanger folke-museum i Utne. Sondag opnar ei utstilling der ni nederlandske kunstnarar visar Hardanger sett med nederlandske augo.

BÅRD VALVATNE

Paul Dikker fekk ideen til utstillinga *Holland i Hardanger*. Han har organisert utstillinga saman med Els Geelen. Dikker bur i Amsterdam, men har vore mykje i Hardanger dei siste åra. Han fortel at Hardanger har gjennomsyra både den kunsten han lagar i Noreg og den han lagar når han kjem attende til Amsterdam.

Flatt og folksamt

Dikker fortel at Nederland er eit lite, flatt land som er fullt av folk. Det er knapt urørd natur att, og jordbruket gjer at landet sett frå lufta ser mest ut som eit symmetrisk lappeteppe. Den urørde naturen i Hardanger står i sterk kontrast til dette.

– Eg har ein norsk ven. For han er den urørde naturen i Hardanger noko kvardagsleg. For oss som kjem frå Nederland er den ville norske naturen overveldande. Denne kjensla viser att i kunsten vår. Målet med utstillinga er å få nordmenn til å sjå på Hardanger med nye augo. Då min norske ven såg mine bilete, sa han at han for første gong forstod kvifor turistane kjem til Hardanger, fortel Dikker.

Ikkje berre fjell

Naturen er sentral i mange av verka i utstillinga, men utstillinga



Inspirasjon: Paul Dikker bur i Amsterdam, men vitjar ofte Ålvik. Han fortel at Hardanger har gjennomsyra all kunsten han har laga dei siste åra.

inneheld ikkje berre fjord og fjell.

– Dei fleste kunstnarane har henta inspirasjon frå naturen. Det betyr ikkje at det berre vert måleri av fjord og fjell. Dei som vitjar utstillinga, vil sjå at den norske naturen kan tolkast på mange måtar. Byen vil òg vera til stades på utstillinga, og eg håpar kontrasten mellom naturen og byen kjem fram, seier Dikker.

Sjølv om Hardanger ikkje er like tydeleg til stades i all kunsten i utstillinga, har Hardanger vore

ein viktig inspirasjonskjelde for kunstnarane.

– Mange av kunstnarane fortel at når dei er her, kjenner dei seg rolegare og meir avslappa. I Nederland er det folkesamt og støyande, medan det i Hardanger er stille og fredeleg. Då vert det lettare å fokusera på å laga kunst, seier Dikker.

Varierte uttrykk

Sjølv om alle dei ni utstillarane er frå Nederland, bur seks av dei

i Hardanger.

Mange har atelier i Kunstnarhuset Messen i Ålvik. Uttrykka dei ni nederlendarane nyttar, er svært ulike. Paul Dikker stiller ut måleri, Els Geelen viser både måleri, grafikk og ein skulptur. Hans Pulles stiller ut døme på sin design, medan Simone Hooymans stiller med kolstifteikningar og ein animasjonsfilm. Wim van den Toorn viser maleri av bylandskap, medan Judith de Haan har med seg trestikk som viser skogen. Fe-

lieke van der Leest stiller ut smykke og små skulpturar, medan Rosé de Beer og Sjaak Langenberg viser døme på sin særeigne leik med rom, design og gjenstandar.

Utstillinga vert ståande ut mars.

valvatne@hf.no

Fritt ord | Utekontakten

Utekontakten i Kvam gjer ein heilt ubeskriveleg god jobb. Dei er støttespelarar når det gjeld både psykisk helse, mobbing, kvardagslege problem og overgangen frå born til vaksen.

I situasjonar der alternativa kunne vore innlegging eller å ikkje leve lenger, har dei vore der. Siriann og Birte har ein eigen evne til å sjå når ungdom treng hjelp, dei gjev kloke råd og hjelper ungdom vidare

til andre instansar når det trengs. Å ta kontakt med "systemet" som ungdom, kan verke umogleg. Me ser ikkje moglegheitene som finst for hjelp, veit ikkje kvar me skal ta kontakt eller korleis.

Ja, me har fastlege og skulelege, men utekontakten er eit gratis lågterskeltilbod. Difor er dei lette å nå som fyrste instans. I mange situasjonar er dette nok for å kome inn på eit betre spor. Har de tenkt over

kor mykje pengar og ressursar det sparer både fyrste- og andrelinjetenestene for? Det kostar kommunen mykje å ha ungdomar på institusjon.

I kriser har eg sjølv opplevd at Siriann og Birte har stilt opp, ofte utanfor arbeidstid. Som ungdom har det vore veldig trygt å vite at nokon er der. Dei har køyrt meg til tenester utanfor kommunen som eg ikkje hadde oppsøkt utan. I det fyrste møtet med nye behandlingsfolk

har støtte vore gull verd. På denne måten vågar kanskje ungdom ta tak i problema sine og få hjelp til å bli friskare fortare.

I tillegg til å hjelpe ungdom som slit, er utekontakten der for ungdom via Ungdomsbasen. Eg har høyrte at dei seier frå når ungdom har åtferd som ikkje heilt følgjer sosiale normer. Grenser og omsorg på same tid.

Så viss de fjernar dette tilbudet, gjer de noko dumt. Uvurderlege per-

sonar med ein jobb som ikkje kan målast i økonomi. Ta vare på dei!

Ungdom, snart vaksen, som har nytta seg av flotte utekontaktar i fleire år

Såg slekta på bilete

Det gamle biletet i HF tysdag var frå ei såkalla gisnarhelg i Syrdal i Fykse-fjella. Innsendar Gunnar Melstveit etterlyste namn og årstal. Torbjørn Skeie seier til HF at biletet truleg er teke i 1929. Han seier at far hans, Arne Skeie, sit heilt til høgre på biletet. Like bak han står systrene til faren – Liv, Åslaug, Kristi og Gudrid – og brørne Dagfinn og Lars Skeie.

Næs sit på gjerdet

Det siste året har Anders Næs vore kaptein på Øystese sitt herrelag. Skal ein tolka oppslag i andre lokalaviser, er Næs så godt som klar for ein overgang til Stord.

Til Grenda seier Næs at han har hatt ein fin prat med stordleinga, og at dei vart einige om nesten alt. Mellom anna vart det bestemt at Næs skal jobba med

footballfritidsordninga til Stord, slik han har gjort i Øystese. Til Grenda seier Næs at Stord er eit godt lag med mange gode spelarar og ein god plan. Han seier kjærasten hans er ferdig utdanna sjukepleiar, og at Stord har lova å hjelpe henne med å skaffa seg jobb på øya.

Næs er for tida på ferie i utlandet. I ei

tekstmelding til HF skriv han at det framleis er uvisst kvar han spelar til neste år. Valet står mellom Stord og Øystese. Han skal i eit møte med leinga til Øystese når han kjem heim. Han ser ikkje bort frå at han er kaptein på Øystese til neste år òg, men presiserer at dette er eit val han skal ta saman med kjærasten.